

Høyringsinnspeil til Innlandet fylkeskommune i sak om ny framtidig skole- og tilbudsstruktur.

- Senterpartiet i Lom er inneforstått med at det bør gjerast noko med *linjetilboda* i Innlandet om vi får ein elevtalsnedgang. Kor reel den elevtalsnedgangen som er førespeglar i høyringssutkastet er stiller vi derimot spørsmålteikn ved. Vi kan ikkje sjå at det her er teke hensyn til auka elevtal grunna Fullføringsreformen, busetting av flyktningar, inntak av gjesteelevar, opprettning av landslinjetilbod m.m. Dette gjer at høyringssutkastet har lite truverd bak seg, og burde såleis vore betre gjennomarbeidd før høyringsperioda. Legg til at det ikkje er synleggjort økonomiske konsekvensar for fylkeskommunen, samfunnsøkonomiske beregningar eller noko form for vurdering kring barnets beste så er dette eit høyringssutkast som ikkje held mål.
Viser til KS-konsulent AS si vurdering av saksframlegget som er vedlagt Lom kommune sitt høyringsinnspeil.
- Utifrå dei opplysningane som føreligg i saken kan vi ikkje sjå at det er noko stadfesta behov for å gjera endringar i *skulestrukturen*.
- Vi vil peike på NGVGS avd. Lom som ein god skulestad som leverar gode elevresultat, høg grad av fullført studietid og særslig lågt fråvær. Det er difor vanskeleg å forstå at denne skulen er føreslegen nedlagt.
- Næringslivet i Ottadalen treng og spør etter meir arbeidskraft og meir kompetent arbeidskraft. Grunnlaget for næringsutvikling finst her, om fylkeskommunen som utviklingsaktør tek eit val og utviklar tilbodsvifta i regionen. Ein bør difor sjå på korleis ein kan utvikle skulestaden i Lom framover. Lom Senterparti vil her peike på VG2 Anleggsteknikk som ei linje som fint kan leggast til skulestaden i Lom. Eksisterande utdanningstilbod på anleggsteknikk i Innlandet tilfredsstiller ikkje næringslivets behov, regionen vår har over fleire generasjonar levert ettertrakta arbeidskraft til denne bransjen. Her burde ein sjå på alternative opplæringsmodellar med opplæring i bedrift. Oppstart av nye tilbod på anleggsteknikk vil være særslig kapitalkrevjande for skuleeigar, men her i regionen har næringslivet sagt seg viljuge til å ta sin del av ansvaret og stille anleggsmaskinar til disposisjon for alternative opplæringsløp.
- Lom Senterparti ser det vanskeleg å sjå driftsfordelar ved å dele Nord-Gudbrandsdalen VGS inn i forskjellige einingar, og vil difor ikkje tilrå at ein fristiller avdelingar og gjer dei til sjølvstendige skular.
- **Vi stiller oss ellers bak høyringsinnspeilet frå Lom kommune innsendt pr epost den 28. august.**

Styret i Lom SP